



Ole Kristian Kjenes  
seimsstranda 421

5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar: Ref.:B7C6DD-  
Skjemanr.:4378  
Vår: 16/268 - 16/33888

Saksbehandlar:  
Tove Mette Arnø Fyllingen  
ftm@lindas.kommune.no

Dato:  
09.12.2016

## Søknad om tilskot

Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak.

Med helsing  
Tove Mette Arnø Fyllingen  
avdelingsleiar

*Dokumentet er signert elektronisk.*



Andre mottakarar:

Ole Kristian Kjenes

Jorunn K Fosse

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
158/16	Formannskapet	PS	08.12.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Øystein Sørhaug	16/268

## Spurkeland vikinggard - søknad på næringsfond

### Vedlegg :

Søknad om tilskotBudsjet for gravhaug bygg på Spurkeland Vikinggard

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Lindås kommune løyver 140.000kr til omsøkt prosjekt «vikinggrav». Føresetnaden er at alle offentlige mynde som skal handsame tiltaket gjer si godkjenning til omsøkt prosjekt.

### Formannskapet - 158/16

#### FO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### FO - vedtak:

Lindås kommune løyver 140.000kr til omsøkt prosjekt «vikinggrav». Føresetnaden er at alle offentlige mynde som skal handsame tiltaket gjer si godkjenning til omsøkt prosjekt.

### Saksopplysningar:

#### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Formannskapet

### Bakgrunn

Spurkeland vikinggard (SV) vart etablert som eit aksjeselskap i 2012. Sidan har dei utarbeida planar for korleis vikinggarden kan utviklast. Vikinggarden ønskjer å utvikle og tilby ulike opplevelsesprodukt med bakgrunn i vikinghistoria på garden/Seim.

Framover vil ein henvende seg mot internasjonale turoperatørar og reisebyrå, spesielt gjeld dette cruisetrafikken i Bergensregionen.

SV har konkrete utviklingsplanar i form av eit stort langhus med gildehall og kjøkkenfasilitetar. Det skal og byggjast 10 mindre utleiehytter i dette området. Desse prosjekta er sjølvstgått i tråd med

overordna arealplanar til kommunen. Sjå elles vedlagt søknad som fortel meir om opplevingspakkar på garden.

SV søker no om å byggje ei vikinggrav med vikingskip der besøkande kan gå inn i grava og sjå. Dei har mål om å ha denne byggjeklar i 2017. SV meiner at gravhaugen vil gje garden mykje positiv merksamd.

Kostnadsaktiviteter i prosjektet er:

· Søknadsgebyr off.myndigheiter	30.000 kr
· Grunnarbeid	64.900 kr
· Bygningsmateriell	170.290 kr
· Arbeidstimar – 200t x 400kr/t + 25t x 650kr/t	96.250 kr
· Solcellepanel	15.360 kr

Total sum 350.000kr.

Næringsfondet er beden om å bidra med 205.000 kr (58,6%).

### Vurdering

Prosjektet og verksemda har ei unik historie å laga reiseliv og opplevingar ut ifrå.

Næringsfondet til Lindås kommune skal spesielt prioritera prosjekt innanfor industriutvikling, kompetanseheving, marknadsføring/profilering og samarbeidstiltak. Vidare skal det vurderast etter skjøn gjennomføringsevne, sysselsettingsbidrag-/effekt, marknadshensyn og konkurranseomsyn. Prosjektet scorar på mange område godt ift retningslinjene til fondet. Spesielt gjeld dette marknadsføring og profilering. Det er og sannsynlig å leggje til grunn at prosjektet på sikt kan bli arbeidsplass for fleire når prosjektet kjem lengre.

Strategiane til felles strategisk næringsplan Lindås og Austrheim vil og vere relevant for vurdering av støtta:

1. Ny industrireising på Mongstad (nyskaping, entreprenørskap)
2. Ein synleg og tydeleg region (profilering, omdømme)
3. Ein attraktiv bu- og opplevingsregion (reiseliv, turisme, oppleving, landbruk, kultur)
4. Aktivt, positivt vertskap (kompetanseutvikling, entreprenørskap)

Spesielt vil punkt 3 vere positiv ift dette prosjektet.

Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017 trekk fram reiseliv som ei av fleire viktige ressursar i regionen, spesielt er reiseliv no Noregs tredje største eksportnæring og blant næringane i verda som veks raskast mogleg. I handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland for 2016 er og reiseliv definert som ei av dei viktige innsatsområda. Denne planen er vedteken av Lindås kommune.

I strategisk næringsplan for Bergensregionen 2015-2020 står det at reiseliv står sterkt i Bergensregionen. Bl.a. er det viktig i framtida å samarbeide om å utvikle fleire opplevingsprodukt med utgangspunkt i dei lokale og regionale styrkane. Denne planen er vedteken av Lindås kommune.

Dette er eit godt prosjekt som og krev regional støtte og Lindås kommune vil oppmoda alle andre

gode offentlege krefter om å støtta opp om prosjektet.

Lindås kommune kan ikkje støtta meir enn 50% av godkjente prosjektkostnader. Søknadsgebyr og arbeidstimar kan dessverre ikkje støttast, med den argumentasjon at gebyr ofte vert tidlelt konsulentar og ikkje verksemda sjølv. Vidare kan visse arbeidstimar godkjennast, men hadde prosjektetkostnadane vært særleg tunge ift arbeidstimar, kunne desse kostnadane verta unntatt. Slik det står i omsøkt prosjekt kan ein del av dette godkjennast, sjå meir nedanfor. Det finst og «investeringar», herunder ei kapitalgrense på 250.000kr i fondet sine retningslinjer, og det er denne som kan passa i dette prosjektet. Det betyr i praksis at kommunen kan godkjenna kostnader til bygningsmateriell, solcellepanel, grunnarbeid inkl arbeidstimar samt og halvparten av omsøkte arbeidstimar ved bygging av gravhaug. Halvparten av arbeidstimane samt heile søknadsgebyr kan då ikkje godkjennast.

I praksis betyr dette at Lindås kommune kan godkjenna prosjektkostnader lik 283.315kr. Næringsfondet kan max støtta inntil 50% av desse, som betyr avrunda ned til 140.000kr.

Det vert lagt inn som føresetnad for støtta at alle offentlige aktørar som skal handsame prosjektet må gje si godkjenning til det omsøkte prosjektet. Dette må dokumenterast frå søkjar før det vert utbetalt midlar.

Lindås kommune ønskjer lukke til med prosjektet og at støtta kjem godt med!

Kva ligg til grunn for støtta?

- Tilskot må tilbakebetalast viss det ikkje vert gjennomført etter planen – ref retningslinjene. «Etter planen» vil sei foreliggjande søknad til næringsfondet og eventuelle vedlegg.
- I retningslinjene til fondet står det at 50% av tilsagnet kan utbetalast ved oppstart og at resten vert utbetalt når investeringar er i samsvar med søknaden. Det er søkar sitt ansvar å dokumentera at investeringar er i samsvar med søknaden for å få utbetalt dei siste 50%
- Får verksemda mediaomtale ønskjer Lindås kommune at det vert opplyst at Lindås kommune har vore med på å støtta prosjektet.
- Det skal leggjast fram rekneskap etter at prosjektet er gjennomført – ref retningslinjene.
- For å betala tilskotet ut på forskot, ber me om å få tilsendt eit kontonummer, dvs. send ein e-post til [oystein.sorhaug@lindas.kommune.no](mailto:oystein.sorhaug@lindas.kommune.no) og med e-post overskrift «utbetalingsanmodning for [prosjekttittel] og [verksemd]».

Sjå elles dei til ein kvar tid gjeldande retningslinjene til næringsfondet på heimesida til kommunen.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentlig forvaltning. Klagefristen er 3 veker frå den dato du mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal senast skriftleg. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.